



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	15.10.2020
Tid:	14:00

Dagsplan

Kl. 14.00 - 14.45 Rådmannen er invitert for å orientera om ei sak
Kl. 14.45 - ferdig Øvrige saker

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 7/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 08.09.2020	2020/86	
Politiske saker			
PS 31/20	Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen	2020/85	
PS 32/20	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga	2019/132	
PS 33/20	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon	2020/98	
PS 34/20	Bestilling	2019/133	
PS 35/20	Reglement for kontrollutvalet	2020/160	
PS 36/20	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 37/20	Eventuelt	2020/89	
Referatsaker			
RS 15/20	KST 24.09.20 - PS 53_20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020_2024	2019/133	
RS 16/20	KST 24.09.20 - PS 54_20 Plan for eigarskapskontroll 2020_2024	2019/134	
RS 17/20	KST 24.09.20 - PS 55_20 Ekstern revisor ny konkurranse	2014/302	
RS 18/20	Informasjon om utvalet si rolle i kommunestyret - 17.12.20	2019/141	
RS 19/20	Svar fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal på spørsmål om revisor kan delta digitalt på kontrollutvalgets møter.	2019/13	
RS 20/20	FKT - medlemsinformasjon september 2020	2019/13	
PS 38/20	Politiske saker		
	Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag	2014/302	

Godkjenningssaker

GK 7/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/86-16
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	8/20	15.10.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 08.09.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 08.09.2020 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	08.09.2020
Tid:	14:00 - 17.45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Rigmor Svanberg	Medlem	FRP
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP
Tore Jubskås	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Peggy Husevik Bærøy	Stian Djuvsland	

Merknader

Astrid-Cecilie F. Aleksandersen hadde meldt frå om at ho blei litt seinka av jobb-omsyn. Ho kom 14.30 og deltok på sakshandsaming fom. sak PS 18/20.

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Vestland fylkeskommune, Sekret. for kontr.utv.
Magnus Mjør	Rådmann, sak PS 17/20 - PS 18/20
Hege Etterlid	Økonomisjef, sak PS 17/20 - PS 18/20
Lars Helge Sørheim	Kommunelege i Stord, sak PS 17/20
Willy Hauge	Partner i KPMG AS, tom. sak PS 25/20
Magnus Heggen	Forvaltningsrevisor i KPMG AS, tom. sak PS 25/20

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/20 GK 6/20	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.05.2020	2020/86	
	Politiske saker		
PS 17/20 PS 18/20	Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen Årsoppgjeret 2019 - brev til leiinga nr. 3 - orientering frå rådmannen	2020/85 2019/132	
PS 19/20 PS 20/20 PS 21/20 PS 22/20	Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune Revisjonsplan 2020 for Stord kommune Kurs i regi av KPMG Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon	2020/171 2019/132 2019/141 2020/98	
PS 23/20	Forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming - handlingsplan	2019/45	
PS 24/20 PS 25/20 PS 26/20 PS 27/20 PS 28/20 PS 29/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024. Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 Stord kontrollutval sin budsjettsituasjon for 2020 Budsjett 2021 for kontrollarbeidet i Stord kommune Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune Eventuelt	2019/133 2019/134 2019/140 2019/140 2019/130 2020/89	
	Referatsaker		
RS 10/20 RS 11/20 RS 12/20 RS 13/20 RS 14/20 PS 30/20	KST 25.06.20 - PS 39_20 Budsjettrevisjon 1. tertial 2020 - saksprotokoll KST 25.06.20 - PS 40_20 Årsrekneskap og årsmelding 2019 Stord kommune - saksprotokoll KST 25.06.20 - PS 41_20 Årsrekneskap 2019 Stord hamnestell - saksprotokoll KST 25.06.20 - PS 42_20 Kontrollutvalet årsmelding 2019 - saksprotokoll Svar frå departementet til FKT om fjernmøte i kommunane Politiske saker Ekstern revisor ny konkurranse - Fullmakt til kontrollutvalet	2019/132 2019/132 2019/132 2019/132 2019/13 2014/302	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 6/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.05.2020

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 18.05.20.

Vedtak

Protokoll frå møte 18.05.20. vart godkjent.

Politiske saker

PS 17/20 Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmannen opplyste om at han kort tid før møtet vart merksam på at svaret kontrollutvalet hadde bede om ikkje var sendt, og beklaga dette.

Kommunelege Lars Helge Sørheim orienterte om sin befatning med saka, og uttrykte at han ikkje synest kommunen hadde vore god nok til å samordna seg internt ift. ulike hendingar frå Sameige Leirvik Brygge, noko som hadde gått ut over dialog og framdrift.

Han opplyste og om at det kom ei orienterande støyvurdering ved nyttår, men at det ikkje er vurdert korleis den skal brukast.

Utvalsleiar gav uttrykk for at eit hovudfokus for utvalet er kommunen sin evne til å svara på hendingar frå innbyggjarane. Han viste til at utvalet og hadde fokusert på dette overfor administrasjonen tidlegare, og han var skuffa over manglande svar i denne saka ved fleire høve. Utvalsmedlemmane støtta han i det.

Etter sams drøfting vart vedtak i saka formulert, og det vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet er skuffa over at informasjon som er bede om i mai, ikkje er motteke innan septembermøtet, 3 ½ månad etterpå
2. Utvalet merkar seg rådmannen sin opplysning om at utvalet vil få skriftleg og munnleg tilbakemelding på hendinga til sitt oktobermøte.
3. Skriftleg tilbakemelding forventast innan 5/10.

PS 18/20 Årsoppgjeret 2019 - brev til leiinga nr. 3 - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmann og økonomisjef orienterte om korleis oppfølgingspunkta var følgt opp, og på kva måte det var gjort.

Partner Willy Hauge synest dette lova bra, og vil følgja med på korleis dette vert følgt opp i praksis.

Utvalet var godt nøgd med svara frå rådmannen og økonomisjefen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

PS 19/20 Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Willy Hauge, vedrørande om KPMG AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Partner i KPMG AS Willy Hauge og sekretariatet orienterte.

Det var noko drøfting rundt andre oppdrag, som var omtalt i saksframlegget. Utvalet ba sekretariatet sjekka nokre forhold litt nærare, utan at det vart lagt for store ressursar i det.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Willy Hauge, vedrørande om KPMG AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

PS 20/20 Revisjonsplan 2020 for Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at interimisrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 03.12.2020, med frist for levering til sekretariatet innan 16.11.2020.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Partner i KPMG AS Willy Hauge orienterte, herunder om risikodrivne revisjon, og viktige element i revisjonsarbeidet.

Spørsmål frå utvalsmedlemmar vart svart på.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 03.12.2020, med frist for levering til sekretariatet innan 16.11.2020.

PS 21/20 Kurs i regi av KPMG

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalet var innom fleire aktuelle kurstema, men semjast om tema kommunerekneskap. Då administrasjonen har fått slik kurs tidlegare, var det no ønskje om å tilpassa kurset til kontrollutvalet og varamedlemmar som målgruppe.

Det var og ønskje om å leggja kurset til utvalet sitt desembermøte, fortrinnsvis kl. 12 - 14, og at utvalsmøtet startar som planlagt kl. 14.00.

Partner Willy Hauge nemnte at kurskvoten følgjer rekneskapsåret frå juli til juni året etter, følgjeleg at det kan vera to kurstema igjen på avtalen, kvart på 2 timar, innan sommaren 2021.

Kontrollutvalet oppmodar varamedlemmar om å vera med på kursdelen.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innan kommunerekneskap, med kontrollutvalet og vara som målgruppe, i samband med møte i kontrollutvalet 03.12.20.
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.
3. Kontrollutvalet oppmodar varamedlemmar om å vera med på kursdelen.

PS 22/20 Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Magnus Heggen i KPMG AS orienterte om at prosjektet er i rute.

Det vart og orientert litt om førebels uverifiserte funn, herunder opplysningar som medførte at utvalet samrøystes lukka møtet då den del av informasjonen vart gjeven, med heimel i kommunelova § 11-5, 2. ledd, jmf. Offl. § 13 jmf. forv.l. § 13.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 23/20 Forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det betringsarbeidet som er satt i gong i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i 2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innnan 15.01.2021.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det betringsarbeidet som er satt i gong i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i 2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 15.01.2021.

PS 24/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon gjeldande perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet konstaterte at utkast til plan samsvara med drøftinga utvalet hadde i førre møte, og synest prosessen i plansaka hadde vore god.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteken.

Innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon gjeldande perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

PS 25/20 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll gjeldande perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet konstaterte også her at utkast til plan samsvara med drøftinga utvalet hadde i førre møte, og synest prosessen i plansaka hadde vore god.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteken.

Innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll gjeldande perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

PS 26/20 Stord kontrollutval sin budsjettsituasjon for 2020

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ber om at nokre forhold omtalt i saksframlegget vert retta opp i samband med budsjettrevisjon nr. 2 / 2020.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at desse forholda vert retta opp i budsjettrevisjon nr. 2 / 2020:

1. Revisjonsåret går frå 1. juli til 30. juni. Såleis blir ofte forvaltningsrevisjonar startar opp i hausthalvåret og ferdigstilt i vårhalvåret. Det slår ulikt ut kor stor del av timebaserte prosjekt som vert kostnadsført i dei to årstala. Såleis er det vanleg at kommunestyret har overført midlar frå oppstarta timebaserte revisjonar frå eit budsjettår til neste. Det vert bede om at restsum for oppstarta revisjonsarbeid i 2019 (forvaltningsrevisjon og planarbeid) på i alt kr. 281.000, vert tilført kontrollutvalet sitt budsjett for 2020.
2. Økonomisk konsekvens av kommunestyrevedtak 20.06.19 - PS 42/19 -«politisk organisering valbolken 2019 - 2023». Kommunestyrevedtak om at kontrollutvalsleiar og øvrige utvalsleiarar si godtgjersle no er sidestilt, vart underfinansiert i 2020 med omlag kr. 60.000, trass i at det var med i kontrollutvalet sitt budsjettforslag.
3. Stord kommune v/ kontrollutvalet har vore medlem av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) sidan 2009. Løyving for å dekkja kontingenten er underfinansiert i 2020 med omlag kr. 5.000.

PS 27/20 Budsjett 2021 for kontrollarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2021 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2021 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

PS 28/20 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det var gjennomgang av møteprotokollar.

Frå Utval for oppvekst og kultur sitt møte 25.08.20, merka ein seg RS 29/20 «Oversending av tilsynsrapport til Stord kommune». Kontrollutvalet ønskte rapport og evt. oppfølgingsdokument.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt Tilsynsrapport frå Fylkesmannen i Vestland gjeldande Grunnskuleopplæring for vaksne i Stord kommune, og evt. tilhøyrande oppfølgingsdokument.
2. Kontrollutvalet tar elles møteprotokollane til orientering.

PS 29/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedr. 1 - FKT ber om innspel til høyring om gjeninnføring av mellombels lovgivning om fjernmøte.

Spørsmål om innspel til FKT i høyringssak vart motteken av utvalsleiar og sekretariat same dag som utvalsmøtet, med kort høyringsfrist til 11.09.20.

Kontrollutvalet meinte ein kunne spela inn at ein synest kontrollutvalsmøta i all hovudsak bør gjennomførast som fysiske møter, men at det og bør vera unnatak for å kunna ha fjernmøte i gitte situasjonar.

Epost frå FKT vert å vidaresenda til kontrollutvalsmedlemene.

Vedr. 2 - Mindre reguleringsendring - Leirvik del V, Lønningsåsen.

I førre kontrollutvalsmøte var protokollert at ein meinte saka ville bli handsama av utval for plan og utvikling. Utvalet ønskte no at ein spør etter kva som har hendt.

Vedr. 3 - Henvending.

Utvalseleiar orienterte om ei henvending (same henvending som var omtala i pkt. 3 under eventuelt i dei to førre møta). På grunnlag av henvendinga sin art, vart møtet samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 3. ledd pkt. a, ved handsaming av saka, jmf. Offl. § 13 jmf. forv.l. § 13. Utvalseleiar orienterte om siste kontakt han hadde hatt. Han meinte etter det at det ikkje lenger var grunnlag for at kontrollutvalet følgte opp vidare. Utvalet støtta at saka med det er å sjå på som ferdig frå kontrollutvalet si side.

Utvalet avgjorde samrøystes å lukka møtet ved handsaming av pkt. 3.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Vedr. 1 - FKT ber om innspel til høyring om gjeninnføring av mellombels lovgivning om fjernmøte.

Kontrollutvalet i Stord kommune meiner at kontrollutvalsmøta i all hovudsak bør gjennomførast som fysiske møter, men at det og bør vera unntak for å kunna ha fjernmøte i gitte situasjonar.

Vedr. 2 - Mindre reguleringsendring - Leirvik del V, Lønningsåsen.

Utvalet ønskjer at det blir spurt etter kva som har hendt.

Vedr. 3 - Henvending.

På bakgrunn av informasjon frå utvalseleiar i møtet, seier utvalet seg ferdig med saka.

Referatsaker

RS 10/20 KST 25.06.20 - PS 39_20 Budsjettrevisjon 1. tertial 2020 - saksprotokoll

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 11/20 KST 25.06.20 - PS 40_20 Årsrekneskap og årsmelding 2019 Stord kommune - saksprotokoll

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 12/20 KST 25.06.20 - PS 41_20 Årsrekneskap 2019 Stord hamnestell - saksprotokoll

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 13/20 KST 25.06.20 - PS 42_20 Kontrollutvalet årsmelding 2019 - saksprotokoll

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 14/20 Svar frå departementet til FKT om fjernmøte i kommunane

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

Politiske saker

PS 30/20 Ekstern revisor ny konkurranse - Fullmakt til kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Saksprotokoll 08.09.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

I saksframlegget er vist til at sak i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 04.09.20, kunne få relevans for denne saka, og at utvalet ville bli orientert om det i sitt møte.

Ordførar Gaute Straume Epland sende e-post 08.09.20 som vart lese opp i møtet. Den inneheld informasjon om at det lagt opp til ein lengre prosess, bl.a. om revisjonsordninga som grunnlag for å kunna ta stilling til kva ein evt skal gjera vidare av utgreiing/vedtak. Difor tenkjer han det er naturleg at Stord kommune følgjer planlagt framdrift når det gjeld gjennomføring av konkurranse om revisjonsteneste for kommande avtaleperiode.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteken.

Innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Politiske saker

PS 31/20 Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/85-27
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	31/20	15.10.2020

Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takkar for motteken informasjon. Utvalet ber om ny tilbakemelding til første kontrollutvalsmøte i 2021, med slike opplysningar:

1. Informasjon om kontakt med Sameige Leirvik Brygge i etterkant av kontrollutvalet si handsaming av saka 08.09.20 og 15.10.20, vedlagt evnt. skriftleg korrespondanse.
2. Kva koordineringsrutinar kommunen legg opp til i det vidare arbeidet.
3. Informasjon om korleis utarbeidd støyrapport ved Natrutekaien er blitt brukt / vil bli brukt.
4. Status i arbeidet med landstraumanlegg på Natrutekaien.
5. Status i arbeidet med hamneplanen.

Svar på punkta over vert å senda til sekretariatet innan 3 veker før møtedato.

Samandrag

Sameige Leirvik Brygge har sendt brev til kontrollutvalet med tittel: «Klage på administrativ forvaltning i Stord kommune». Kontrollutvalet ønskte skriftleg orientering til utvalet sitt møte 08.09.20, men fekk ikkje det. Skriftleg orientering ligg derimot føre til dette møtet. Utvalet må vurdere om ein er nøgd med vedlagt skriftlege tilbakemelding og munnleg orientering frå rådmannen i møtet, eller om ein ønskjer å følgja saka vidare ei stund.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Sameige Leirvik Brygge - klage av 22.04.20
- 2 Svar frå rådmannen vedr. klage frå Sameige Leirvik Brygge

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bakgrunn for saka er å finna i kontrollutvalet si handsaming i møte 18.05.20 og 08.09.20.

Kontrollutvalsmøte 18.05.20.

Følgjande går fram av protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 18.05.20, sak PS 16/20 Eventuelt, underpunkt 4:

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalsleiaren orienterte om motteken klage frå Sameige Leirvik Brygge.

Kontrollutvalet ønskjer skriftleg og munnleg orientering frå rådmannen.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet v/ sekretariatet innan 10.08.20 om faktaopplysningar og merknader han har i høve henvendinga frå Sameige Leirvik Brygge
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til utvalet sitt møte 02.09.20 for å gje ei munnleg orientering.

Kontrollutvalsmøte 08.09.20.

Møtet det er vist til overfor 02.09.20 vart utsett til 08.09.20 grunna møtesamantreff. I kontrollutvalsmøtet 08.09.20 vart det fatta slik vedtak i sak PS 17/20:

1. Kontrollutvalet er skuffa over at informasjon som er bede om i mai, ikkje er motteke innan septembermøtet, 3 ½ månad etterpå
2. Utvalet merkar seg rådmannen sin opplysning om at utvalet vil få skriftleg og munnleg tilbakemelding på henvendinga til sitt oktobermøte.
3. Skriftleg tilbakemelding forventast innan 5/10.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka med heimel i kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

For heilskapen sin del vert både klage frå Sameige Leirvik Brygge og rådmannen sitt svar datert 01.10.20 lagt ved.

Svarbrev var førespurt til førre møte også, men kom ikkje då. Følgjande vart protokollert under handsaming i kontrollutvalet sitt møte 08.09.20:

Rådmannen opplyste om at han kort tid før møtet vart merksam på at svaret kontrollutvalet hadde bede om ikkje var sendt, og beklaga dette.

Kommunelege Lars Helge Sørheim orienterte om sin befatning med saka, og uttrykte at han ikkje synest kommunen hadde vore god nok til å samordna seg internt ift. ulike henvendingar frå Sameige Leirvik Brygge, noko som hadde gått ut over dialog og framdrift.

Han opplyste og om at det kom ei orienterande støyvurdering ved nyttår, men at det ikkje er vurdert korleis den skal brukast.

Utvalsleiari gav uttrykk for at eit hovudfokus for utvalet er kommunen sin evne til å svara på henvendingar frå innbyggjarane. Han viste til at utvalet og hadde fokusert på dette overfor administrasjonen tidlegare, og han var skuffa over manglande svar i denne saka ved fleire høve. Utvalsmedlemmane støtta han i det.

No føreligg svarbrev. Rådmannen beklagar både manglande skriftleg tilbakemelding ved førre høve, og at saka har utvikla seg slik den har.

Svarbrevet har elles med opplysningar om støysituasjonen frå Stord hamn, ulikt lovgrunnlag, refleksjonar om ansvarstilhøve, støyrapport, etablering av landstraumanlegg på Natrutekaien og arbeid med hamneplanen.

Utvalet må drøfta innhaldet i svarbrevet, samt munnleg orientering som rådmannen vil gje i møtet. Så må ein vurdere om ein vil følgja saka vidare.

Ettersom manglande svar over tid er noko av faktagrunnlaget i klagen, rår sekretariatet til at utvalet følgjer saka litt til, for å sjå om kommunikasjonen blir betre. Rådmannen skriv sjølv at manglande koordinering og svar ikkje er i tråd med god forvaltningsskikk. Utvalet må få haldepunkt for at kommunikasjonen kjem inn på eit betre spor, før ein slepper saka. Dessutan er det av interesse å bli oppdatert om korleis føreliggande støyrapport vert brukt og status om landstraumanlegg og hamneplan.

Av svarbrevet går det og fram at: «Dette er eit komplekst område som krev koordinering av ulike fagdisiplinar og ansvarsområde.» Med slik erkjenning antar sekretariatet at kommunen vil arbeida vidare med korleis koordineringsarbeidet kan bli styrka, noko utvalet kan etterspørja.

Konklusjon

Det ligg føre skriftleg svar frå rådmannen. Han vil og supplera munnleg i møtet. Utvalet må vurdere om ein er nøgd med tilbakemeldinga, og/eller om ein ønskjer å følgja saka vidare.

Sekretariatet rår til at utvalet følgjer saka vidare ei tid, i første omgang for å:

- Sjå om kommunikasjonen med Sameige Leirvik Brygge vert styrka.
- Bli orientert om koordineringsrutinar i det vidare arbeidet.
- Bli orientert av korleis utarbeidd støyrapport vert nytta
- Få status om avbøtande tiltak med landstraumanlegg på Natrutekaien.
- Få status om framdriftsplan vedr. hamneplan.

Sameige Leirvik Brygge

adr.: c/o Vestbo BBL, avd. Stord
Postboks 306 – 5402 Stord

Til Kontrollutvalet
Stord kommune

Klage på administrativ forvaltning i Stord kommune

Sameiget har i mange år, og i brev etter brev, peikt på alvorlege miljøproblem for busette på Nattrutekaien, forårsaka av **brønnbåtar** ved kai. Styret har sendt grunnjevne klager på støy og forureining, brot på "*Lov om folkehelsearbeid*" og "*Forskrift om miljøretta helsevern*" brot på *saksbehandlingsreglane i forvaltningslova*, "*Lov om helgedagsfred*", m.m. Klagen har særskilt handla om brønnbåtar som bruker Nattrutekaien ved "heimeligge" kvardagar og heile helger, medrekna dei fleste høgtidsdagar. Dei bruker hjelpemotorar til straumforsyning. Som kjent ligg båtane omlag 10 meter framfor sameiget.

Då Leirvik Brygge blei etablert i 2003 og 2004, hadde utbyggjar pålegg om uterom til kvar bustadeining i form av terrasser. Det er ofte ikkje mogleg å bruka dei etter føremålet på grunn av støy og eksoslukt. Sameiget har i klare ordelag vist til helseretta problem og utfordringar som er knytta til disse båtane. Det handlar m.a. om tap av nattero og søvn, med særskilte konsekvensar for eldre busette som har hjartelidingar og generell svak eller dårlig helse. Støyplagene kan tidvis vera så store at busette må flytta frå soveromma, eller i verste fall røma frå heimen. Eksoslukt kan også vera ei stor plage for dei med astma og allergiproblem.

Det som kanskje har vore den største bøygen i kontakten med Stord kommune, er at sameigarane/busette på Nattrutekaien ikkje blir tekne alvorleg. At kommunen ikkje svarer på brev, ikkje held lovnader, ikkje følgjer lover, føresegner og retningsliner, skaper ikkje stort rom for tillit. Sameiget har derfor sett seg nøydd til å søka råd hos Sivilombodsmannen og Fylkesmannen/ fylkeslegen i Vestland. Begge partar har teke kontakt med Stord kommune om sameige sine klagesaker mot kommunen. Fylkesmannen i Vestland har i brev av 24. juni 2019 til Stord kommune oppheva "**Stord kommune si avgjerd om ikkje å fatte pålegg i sak som gjeld klage på støy frå Nattrutekaien, dagsett 25.04.2019, jf. forvaltningslova § 34, jf. § 41.**"

Sameiget ha i ettertid ikkje høyrte noko frå kommunen. 21. januar 2020 sendte sameiget brev til Stord kommune med følgjande spørsmål:

- *Har Stord kommune plan(ar) om å følgja opp saka i tråd med plikter etter forvaltningslov og folkehelselov ?*
- *Kva kan Sameiget Leirvik Brygge venta av kommunalt initiativ til betring av miljøtilhøva for nære naboar til kommunal kai ?*

Styret for sameiget ønskjer no at Kontrollutvalet i Stord kommune ser på saksbehandlinga til kommunen heilt frå 2016. Derfor dette brevet. Det følgjende er ei kronologisk dokumentasjon av kommunikasjonen med Stord kommune om støy og forureining frå grønnbåtane ved Nattrutekaien, dei siste 3-4 åra. Ein tek ikkje med kva som er skrive og sagt om saka i tidlegare år.

2016

- *2. September.* Brev til Stord kommune om miljøtema knytta til båtar ved kai. Sameiget bad om møte. **Ikkje svar**
- *10. November.* Nytt brev til kommunen med grunngjeven klage på støy og forureining. **Etterlyste "avbøtande tiltak"** i samsvar med kommunedelplan for Leirvik hamn, og oppfølgjing av kommunalt vedtekne "*Retningsliner for båtar ved kai*", og "*Lov om folkehelsearbeid*". Bad på nytt om møte.
- *19. desember.* Sameiget fekk innkalling til møte med kommunen om tema som sameiget hadde formulert i brev av 10. November.

2017

- *31. januar.* Møte med representantar for kommunen. Hovudtema blei trafikktilhøva på Natrutekaien. Lite om "båtar ved kai". Sameiget **blei lovd** referat frå møtet og synfaring på kaien. **Det kom ikkje referat**
- *27. mars.* Etterlysing av referat på e-mail. **Ikkje svar/referat**
- *15. august.* Nytt brev til Stord kommune. Bad kommunen følgja forvaltningslova og gje svar på fleire spørsmål som galdt m.a. miljøproblem, forureining, støy og folkehelse. **Ikkje svar**

2018

- *16. januar.* Purrebrev til kommunen. Informerte om at sameiget ville rådspørja Sivilombudsmannen om kommunen sine plikter etter forvaltningslova. **Ikkje svar**
- *24. mars.* Nytt brev til kommunen med oppmoding om oppfølgjing av saka. Sameiget viste på nytt og konkret til moglege brot på "*Lov om folkehelsearbeid*" og "*Forskrift om miljøretta helsevern*". Kopi til Fylkeslegen.
- *24. mars.* Klage til Sivilombudsmannen for mangel på svar frå Stord kommune.
- *7. mai* Brev frå Stord kommune som viser til arbeidet med ny hamneplan. Sameiget blei **lovd høyringnotat** før sommarferien. Det ville

bli skipa til **dialogmøte**. Sameiget fekk ei **orsaking** for manglande tilbakemelding. **Merknad:** Stord kommune viser til feil brev .

- **23.mai.** Sameiget får brev frå Sivilombudsmannen der det m.a. heiter at *"i telefonsamtale 23.mai 2018 beklaga xx i Stord kommune den lange saksbehandlingstida"*. Saksbehandlar hadde opplyst at *"sameiget fekk svar i brev 7.mai 2018, og at sameiget vil få enda ei tilbakemelding om kort tid"* .
- **23.mai.** Sameiget svarer på brevet frå Stord kommune, dagsett 07.05., og bed om svar på rett brev.
- **2.juni.** Nytt brev frå Stord kommune som **orsaker** at sameiget sitt brev av 12.mars ikkje hadde nådde saksbehandlar.
- **16.september.** Brev til Fylkeslegen. Bed om vurdering av klage etter folkehelselova.
- **Sameiget fekk ikkje høyringsnotat som var blitt lovd, og hørte heller ikkje meir om dialogmøte dette året.**

2019

- **12.februar.** Sameiget får kopi av brev frå Fylkesmannen i Vestland til Stord kommune.
- **25.april.** Sameiget får kopi av svar frå Stord kommune til Fylkesmannen i Vestland. Det blir der vist til **planar om revisjon av hamneplanen og dialogmøte med sameiget.**
- **21.mai.** Sameiget skriv til Fylkesmannen og viser til fleire feilinformasjonar i Stord kommune sitt svarbrev.
- **24.juni.** Kopi av brev frå Fylkesmannen i Vestland til Stord kommune, med oppheving av Stord kommune sitt vedtak om ikkje å følgja opp klagen etter *"Lov om folkehelsearbeid"*. Fylkesmannen viser også til at Stord kommune har brote forvaltningslova.
- **Sameiget hørte ikkje meir frå kommunen om hamneplan og dialogmøte i 2019, (og som tidlegare var lovd i 2018), og heller ikkje om konsekvenser av Fylkesmannen sitt vedtak.**

2020

- **21.januar.** Sameiget sender brev til Stord kommune med spørsmål om kva planar kommunen har for å følgja opp konsekvenser av Fylkesmannen sitt vedtak.

Konklusjon: Sameiget viser til ovanstående dokumentasjon og bed Kontrollutvalet vurderer Stord kommune si saksbehandling av klagesaka.

Styret for Sameige Leirvik Brygge, 22.04.2020

Stein Erik Grov (styreleiar)

Bjørn Angell Bergh (saksbehandlar)

Vestland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 01.10.2020
Vår ref: 2015/3889 - 26062/2020 / 611
Dykkar ref:

Svar vedr. klage frå Sameige Leirvik Brygge

Det vert vist til partsbrev frå kontrollutvalet datert 16.09.2020 i sak om klageskriv frå Sameige Leirvik brygge, der det vert bede om skriftleg tilbakemelding innan 5. oktober 2020. Det vart ikkje gjeve tilbakemelding innan første fristen som var 18. august.

Rådmannen vil beklage manglande skriftleg tilbakemelding ved førre høve. Rådmannen vil også beklage at saka har utvikla seg slik den har. Det er korrekt slik det går fram av klageskrivet frå Sameige Leirvik Brygge, at her har vore kommunikasjon frå sameiget som ikkje alltid har blitt svarta ut slik det burde. Dette er mellom anna med bakgrunn i ein utfordrande personellsituasjon.

Sameiget Leirvik Brygge klagar først og fremst på støysituasjonen frå Stord hamn, Natrutekaien. Dette er eit komplekst område som krev koordinering av ulike fagdisiplinar og ansvarsområde. Det er heller ikkje gitt at heile ansvaret tilhøyrer berre den eine parten her. Problemstillinga er kjent frå fleire andre kommunar i landet.

Lovgrunlaget for kommunen si handtering er knytt til folkehelselova med tilhøyrande forskrifter m.a. knytt til miljøretta helsevern. Mynde i denne samanhengen ligg til kommunelegen.

Stord hamn er den støyande verksemda, og hamneverksemda har vore etablert her i «alle år». Hamnedrifta kan utføre avbøtande tiltak, men desse må vere målretta og samstundes sikre ei forretningsmessig god drift av hamnevesenet innanfor gjeldande lovverk (hamne- og farvasslova). Støyretningslinjene (T-1442 og forureiningslova) gjeld ikkje for hamneverksemd, men dei gjeld for etablering av bustader. Rådmannen forstår det derfor slik at støyretningslinjene vil gjelde for hamneverksemd dersom det skulle bli etablert ny verksemd som ville få konsekvensar for tilgrensande bustader. Rådmannen kan ikkje sjå at det er tilfellet her.

Utbygging av husvære på kaien vart gjort på byrjinga av 2000-talet. Støy var tema i byggjesakene, og skal handterast av dei ansvarlege for prosjektering og utbygging i utbyggingsprosjekta. I dette er det kommunen si rolle å godkjenne firma for ansvarsrett, som oftast i samsvar med gitt sentralgodkjenning (plan- og bygningslova). Det er altså utbyggjarane sjølve, og dei prosjekterande og utførande, som har ansvar for å støysikre i høve gjeldande støysituasjon.

Rådmannen vil uansett seie seg lei for at Sameige Leirvik brygge har opplevd ei manglande koordinering og svar, frå kommunen. Det er ikkje i tråd med god

forvaltningsskikk. Det er likevel ikkje slik at det ikkje har blitt arbeidd med saka i denne perioden.

For å fylgje opp saka vidare etter folkehelselova, er arbeid med hamneplan og innhenting av støyrapport viktig prosess- og dokumentasjonsgrunnlag. Fylkesmannen oppheva kommunen si avgjerd om å ikkje fatte vedtak i saka etter folkehelselova grunna manglande dokumentasjon.

Stord hamn har med bakgrunn i vedtak frå Fylkesmannen og arbeidet med ny hamneplan fått utarbeidd ein støyrapport ved Nattrutekaien. Den dokumenterer eit høgt støynivå ved husværa. Støyrapporten er laga med grunnlag i ein akustisk berekningsmodell som er bygd opp med bakgrunn i alle loggførte anløp. Grunnlaget skulle derfor vere det beste. Det har blitt vurdert om dette burde følgjast opp med konkret måling av støynivå, men konsulentfirmaet som gjorde berekningane, meiner det ikkje vil tilføre ny kunnskap som vil endre konklusjonen.

Hamnestellet er i ferd med å etablere landstraumanlegg på Natrutekaien. Dette vil vonaleg vere i drift frå november. I avgiftssystemet for hamn er det allereie av kommunestyret innført å gi reduksjon i kaileige (20%) og straumpris (50%) ved bruk av landstraum. Rådmannen vonar dette vil vere eit incitament for båtar å etablere system slik at dei kan gjere seg nytte av landstraumanlegget.

Arbeidet med hamneplanen starta i 2017, men har av ulike grunnar blitt utsett. Det er no løyvt ressursar og leigt inn ekstern prosjektleiar for å slutføre dette planarbeidet. Hamneplanen skal vere ein strategisk plan for hamnestellet for drift og utbygging, og det er ei målsetjing å drøfte og synleggjere tiltak i høve støy i denne planen. Når planen vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring, vil det derfor bli halde møte med berørte partar om dei tiltaka som hamneplanen skisserer.


Med helsing

Magnus Mjør
rådmann

Lovise Vestbøstad
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:
Hogne Haktorson





Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-43
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	32/20	15.10.2020

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. I denne saka skal den valde revisor, KPMG, gje informasjon om forenkla etterlevingskontroll, jmf. kommunelova § 24-9.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Denne saka er ein lekk i oppfølginga av dette, og har særleg fokus på kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Det er eit nytt punkt som kom inn i kommunelova av 2018.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»*

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vurderingar og verknader

Nasjonal frist 30. juni som er omtalt overfor, vart seinare utsett til 15. september for 2020, grunna korona-situasjonen.

Revisjonen arbeidar med eit produkt som kontrollutvalet skal få til møtet / i møtet 15.10.20.

Då det er usikkert kva produkt som vert levert, er det og vanskeleg å gje klare tilrådingar i saka.

Konklusjon

Kontrollutvalet vil få opplysningar frå KPMG om forenkla etterlevingskontroll til møtet / i møtet 15.10.20., og må der ta stilling til det som blir lagt fram.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/98-34
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	33/20	15.10.2020

Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få informasjon om kor langt KPMG er kome i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen, om alt går etter planen og om det kan vera aktuelt å gjera justeringar undervegs.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune tok initiativ til å få gjennomført denne forvaltningsrevisjonen. Utvalet inviterte samstundes dei samarbeidande kommunane til å vera med på å ha ein sams forvaltningsrevisjon. Det gjeld då desse kommunane, i alfabetisk rekkefølge:

- Bømlo kommune
- Etne kommune
- Fitjar kommune
- Kvinnherad kommune
- Stord kommune
- Sveio kommune

Alle kommunane har takka ja til å vera med på sin andel, der grunnsum utgjer 50% med lik sum pr. kommune, medan øvrige 50% reflekterer tal innbyggjarar i kommunane.

Endeleg bestilling vart sendt til KPMG 05.06.20, etter at stadfesting var motteken frå alle kommunane, samt at innspel frå eit par kommunar var handtert.

Kontrollutvalet fekk ei løypemelding i utvalsmøtet 08.09.20, og det er lagt opp til ny løypemelding i dette møtet.

Av prosjektplanen går fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- Kartleggje under kva rammer FOS opererer
- Kartleggje og vurdere erfaringane med og resultatata til FOS

Av prosjektplanen ser ein og at det er med slike problemstillingar:

1. I kva rammer opererer FOS?

- a. Korleis er FOS organisert?
- b. Kva mål og strategi har FOS?
- c. Kva slags budsjett og rekneskap har FOS?
- d. Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS?
- e. Korleis rapporterar FOS til deltakarkommunane?
- f. Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane?
- g. Kva vedtekter har FOS?
- h. Kva eigarskapsførignar og eigarskapsstrategiar har deltakarkommunane for FOS?
- i. Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS?
- j. Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS?
- k. Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019?
- l. Korleis medverkar kommunalt tilsette innan oppvekstområdet i FOS?

2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS?

- a. Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansehevingstilbodet frå FOS fungerer?
- b. I kva grad opplever barnehagane og skulane å få det kurs- og kompetansehevingstilbodet som dei har behov for?
- c. Korleis opplever kommunalt tilsette innan oppvekstområdet at deira medverknadsrett blir tatt i vare i FOS?
- d. I kva grad blir mål og strategiar etterlevd?

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

KPMG kom 26.08.20 med slik tilbakemelding i epost.

«Det blei gjennomført oppstartsmøte med dagleg leiar FOS i juni, og vi har hatt kontakt med kommunalsjefane/sektorleiarane innan oppvekst i kommunane. Revisjonen har samla inn og gått gjennom dokumentasjon tilsendt frå FOS og kommunane. Vi har avtale om å gjennomføre ein god del av intervjua i neste veke. Vidare er vi i dialog med nokre respondentar for å avtale intervjutidspunkt.

Vi vil gjennomføre intervju med dagleg leiar FOS, kommunalsjefane/sektorleiarane oppvekst i dei 6 kommunane, 3 tillitsvalde, 1 rektor og 1 styrar. I tillegg forsøker vi å få til eit intervju med ein representant for Fylkesmannen i Vestland, som har tett kontakt med FOS. Vi arbeidar per dags dato (26.08) med å utforme spørjeundersøkinga som vil gå ut til tilsette i oppvekstsektoren i kommunane. Denne vil sendast ut i løpet av neste veke.

Vil vi bruke mesteparten av september på å skrive rapporten. Rapporten vil sendast på høyring til dagleg leiar FOS og kommunane i starten av oktober. Verifisert rapport med høyringsuttale vil som avtalt leverast sekretariatet 13.11.2020.

Vi har hatt eit godt samarbeid med FOS og kommunane, og fått god hjelp til å samle inn dokumentasjon og avtale intervju.»

KPMG kom 01.10.20 med ny status i epost.

Sidan sist løypemelding har vi sendt ut spørjeundersøkinga til tilsette i oppvekstsektoren i kommunane. Vi har gjennomført 11 intervju, irekna med kommunalsjefane/sektorleiarane oppvekst i kommunane, nokre tillitsvalde og Fylkesmannen i Vestland. Som nemnt på førre møte vil vi gjennomføre nokre ekstra intervju med tillitsvalde. Dette har ikkje blitt gjennomført enda grunna at prosjektleiar Mathias har vore i omsorgspermisjon dei to siste vekene, og vi har difor vald å avvente gjennomføringa av desse til han er tilbake igjen på jobb i neste veke.

Vi har starta arbeidet med å skrive rapporten. I førre løypemelding antyda vi høyring i starten av oktober, men vi har grunna Mathias sin omsorgspermisjon vald å utsetje denne til midten av oktober. Verifisert rapport med høyringsuttale vil framleis leverast sekretariatet som avtalt 13.11.2020.

Vi har hatt eit godt samarbeid med FOS og kommunane.

I dette møtet mottar kontrollutvalet orientering om status og framdrift så langt i prosjektet.

Konklusjon

Dersom det ikke kjem fram særskilte opplysninger, som evt. krev justering, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/133-25
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	34/20	15.10.2020

Bestilling

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. KPMG vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 29.10.2020.
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Før godkjenning får utvalsmedlemmane høve til å koma med merknader til prosjektplanen, med relativt kort svarfrist.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste revisjon skal gjennomførast innan.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Epost frå administrasjonen om evt. forvaltningsrevisjon IKT
- 2 Invitasjon IT sikkerhetsrevisjon 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord kommunestyre vedtok 24.09.20, sak PS 53/20, Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024. Desse 7 prosjekta var sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Beredskap; hendingar og katastrofar
2. Førebyggjande arbeid for barn og unge
3. Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg
4. Økonomisk berekraft
5. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
6. Læring og psykososialt skulemiljø
7. Manglande kompetanse

Vidare vedtok kommunestyret i same møte, sak PS 54/20, Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024. Her var desse 3 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Generell eigarstyring
2. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Vurderingar og verknader

Herunder er det lagt opp til å drøfta fleire delområder:

- A) Innleiing
- B) Prioritering i plan og analyse.
- C) Mynde til kontrollutvalet.
- D) Forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll
- E) Innspel frå administrasjonen
- F) Økonomi

A Innleiing

Det er no tid for å bestille ein ny forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Kontrollutvalet skal for det første velgja det nye prosjektet for gjennomføring av revisjon. På bakgrunn av at kommunestyret nyleg har vedteke to nye porioriterte planar vil det vera naturleg av utvalet å velgja det første prosjektet i ein av dei:

- Forvaltningsrevisjon: Beredskap; hendingar og katastrofar
- Eigarskapskontroll: Generell eigarstyring

Det er sjølvsagt også mogleg å velgja eit av dei andre prosjekta dersom det viser seg at det har skjedd ting som t.d. gjer at risikobiletet har endra seg etter at planen vart vedteke.

Når utvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finna svar på.

B Prioritering i plan og analyse

I dette arbeidet kan utvalet dra veksler på omtale av prosjekta, slik det kjem fram i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon, plan for eigarskapskontroll og analysedokumentet som ligg til grunn for desse planane:

Beredskap; hendingar og katastrofar

Utdrag frå analyse:

Kommunen er utsett for fleire eksterne, store risikoar knytt til mellom anna geologi og infrastruktur. I 2020 har kommunen sin beredskap vorte sett på prøve med handteringa av pandemien som følgje av Covid-19 viruset. Vidare er det også knytt risiko til kommunen sin digitale beredskap.

Utdrag frå plan for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan gå gjennom korleis beredskapen i kommunen er organisert, og vidare vurdere om denne er tilstrekkelig. I dagens digitale samfunn vil det også vere relevant å vurdere korleis kommunen arbeider med IT sikkerheit og digital beredskap. Til dømes kan velferdsteknologi vere eit interessant tema å gå inn på i høve IT sikkerheit.

Ved pågåande arbeid med risiko- og vesentlegvurderinga er heile Noreg ramma av ein pandemi. Det kan vere relevant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i perioden som evaluerer kommunen si handtering av pandemien i 2020.

Generell eigarstyring

Utdrag frå analyse:

Selskapskontrollen som vart gjennomført i 2019 synte nokon svakheiter ved kommunen si eigarstyring. Kommunen sin praksis samstemte ikkje fullt ut med etablerte tilrådingar og gjer at det kan vere ein risiko for at kommunen si eigarstyring ikkje er tilstrekkelig for å sikre god kontroll med oppgåver som er sett ut i eigne selskap.

Utdrag frå plan for eigarskapskontroll:

Det kan vere relevant å gjennomføre ein eigarskapskontroll som vurderer korleis Stord som heilskap gjennomfører si eigarstyring. Her kan det vere hensiktsmessig å gjennomgå kva system kommunen har etablert for eigarstyring og korleis dette vert gjort i praksis. Vidare kan det vere relevant å sjå på kva andre prosessar kommunen har i høve regelverk og etablerte tilrådingar, som styreval, likestilling, etc.

Andre prosjekt.

Her vert vist til analyse og planar vedlagt sakene PS 24/20 og PS 25/20 til kontrollutvalet sitt førre møte, 08.09.20.

C Mynde til kontrollutvalet.

Kommunestyret har delegert mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.

D Forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet står fritt til å velgja om neste revisjon skal vera forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Etersom det er flest prioriterte prosjekt innan forvaltningsrevisjon (7 ift. 3) og det ikkje er så lenge sidan det var revisjon av Podlen verkstad AS, tilrår sekretariatet at utvalet denne gongen går for ein forvaltningsrevisjon.

E Innspel frå administrasjonen.

Frå administrasjonen er det kome innspel med ønskje om at kontrollutvalet innunder beredskap kan ta med IKT revisjon, ettersom det er 13 år sidan det var ein IKT revisjon i Stord kommune. Viser til vedlagt epost med kommunikasjon mellom controller og einingsleiar IKT. Eg oppfatta i telefonsamtale med controller at rådmannen også er orientert.

Refleksjonar rundt innspel frå administrasjonen.

- Sekretariatet har fleire gonger fått konstruktive innspel frå administrasjonen i kommunar / fylkeskommunar der me har vore sekretariat for kontrollutvalet.
- Det beste hadde vore om innspelet kom tydeleg fram i workshop som KPMG hadde med administrasjonen, nær opp til kontrollutvalet sitt møte i mars 2020, som del av prosessen med plan for forvaltningsrevisjon.
- På andre sida skal ein ikkje vera så rigid at ein ikkje kan lytta til innspel.
- Her har tanken om IKT revisjon blitt aktualisert gjennom invitasjon frå Digi Vestland / Bergen kommune av sept. 2020 om å vera med på IT sikkerhetsrevisjon, samstundes som ein har tenkt at eige kontrollutval står for forvaltningsrevisjonar. Invitasjonen er vedlagt.
- Sekretariatet har spurt kva administrasjonen såg for seg at kunne vera av interesse å få undersøkt. Her framkjem ein del tankar i vedlagt e-post, herunder om fire nivå for GDPR - styrande, kontrollerande, gjennomførande og dagleg.
- Det føreligg og fleire dokument tilbake til 2008 som vart for omfattande å leggja inn i denne saka. Dei omhandlar handsaming i formannskapet, handsaming i kommunestyret og oppfølging i etterkant frå administrasjonen si side. Den som er særleg interessert i dette materialet kan kontakta sekretariatet, og vil då få det tilsendt særskilt.

Dersom kontrollutvalet går for ein forvaltningsrevisjon om beredskap mv., må ein og vurdere om denne skal ha eit tilleggselement ut frå administrasjonen sitt innspel / dreiast i den retning.

F Økonomi.

Som kjent har kontrollutvalet bede kommunestyret gje disposisjon til kontrollutvalet over unytta midlar frå 2019 - unytta grunna igangsett revisjons- og planarbeid som starta i 2019, med der store deler vart kostnadsført i 2020. Sak om budsjettrevisjon nr. 2/2020 bør vera på plass før endeleg bestilling av neste revisjon.

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber KPMG utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. For at KPMG skal koma i gang med arbeidet, slik at delar av det vert utført i 2020, vert det tilrådd at kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen. Prosjektplanen vert å levere sekretariatet innan 29.10.2020. Det vert og tilrådd at utvalsmedlemmane får høve til å koma med merknader til prosjektplanen, før den vert vedteken på fullmakt.

Fra: Iren Dyrseth (Iren.Dyrseth@stord.kommune.no)

Sendt: 30.09.2020 10:48:11

Til: Hogne Haktorsen

Kopi: Gisle Østrem

Emne: VS: forvaltningsrevisjon - IKT

Vedlegg: Revisjon SK 2007.xls;Sak til Formannskapet 11.06.08.doc;Sak til kommunestyret 22.05.08.doc;Invitasjon sikkerhetsrevisjon 2020.pdf.pdf

Hei!

Viser til samtale tidlegare i dag vedrørande kommande forvaltningsrevisjon om Beredskap, herunder IKT. For å gje deg ein ide av kva som var tema for IKT-revisjon for 13 år sidan, oppsummerer eg det slik (klipt ut av dansk rapport):

1. IT-strategi og planlegging
2. IT-drift
 - a. Alle nødvendige jobs og kørsler, såvel online som batch, avvikles rettidig og korrekt, og virksomheden kontrollerer, at dette sker til normal fuldførelse og med forventet resultat.
 - b. Virksomheden kontrollerer, at licensregler for software, installeret på servere og klienter, overholdes.
3. It-outcourcing
 - a. Valg af leverandører af outsourcete ydelser er formaliseret og i overensstemmelse med virksomhedens forretningsmæssige krav til it-anvendelsen.
4. IT-tryggleik
 - a. En ledelsesgodkendt it-sikkerhedspolitik er udarbejdet med udgangspunkt i en it-risikoanalyse, og kommunikeret til hele virksomheden.
 - b. Adgang til systemer, data og andre it-ressourcer administreres, vedligeholdes og overvåges i overensstemmelse med virksomhedens behov.
 - c. Den logiske adgang til systemer, data og andre it-ressourcer er begrænset og tilrettelagt i overensstemmelse med virksomhedens behov.
 - d. Den fysiske adgang til systemer, data og andre it-ressourcer er begrænset og tilrettelagt i overensstemmelse med virksomhedens behov.
 - e. It-ressourcerne er beskyttet mod strømsvigt, brand, vandskade mv.
 - f. Systemer, data og andre it-ressourcer er beskyttet mod virus.
5. Nødberedskap
 - a. En plan for genoptagelse af virksomhedens primære it-baserede forretningsprocesser efter en katastrofe er udarbejdet, afprøvet og ledelsesgodkendt og vedligeholdes løbende.
6. Implementering og vedlikehold av brukssystem
 - a. Tilretninger til applikationer er tilfredsstillende testet, godkendt og implementeret, og de tilrettede funktioner i applikationen er i overensstemmelse med ledelsens og brugernes forventninger.
 - b. Væsentlige applikationer kan vedligeholdes og supporteres.
7. Implementering og support av databaser
 - a. Databaser kan vedligeholdes og supporteres.
8. Support av it – infrastruktur
 - a. Netværks- og kommunikationssoftware kan vedligeholdes og supporteres, og ledelsen sikrer, at ændringer eller nyanskaffelser sker i overensstemmelse med virksomhedens behov, samt at ændringer testes og dokumenteres på tilfredsstillende vis.
 - b. Systemsoftware kan vedligeholdes og supporteres, og ledelsen sikrer, at ændringer eller nyanskaffelser sker i overensstemmelse med virksomhedens behov, samt at ændringer testes og dokumenteres på tilfredsstillende vis.

Som Gisle skriv i korrespondansen nedanfor, så er det som du ser fleire tema. Ein IT-revisjon i dag vil som sagt vera i lys av GDPR, og dei fire nivåa, Styrande, kontrollerande, gjennomførande og dagleg.

Eg tenkjer at Gisle kan følgja opp her, dersom eg ikkje har vore heilt presis.

Med venleg helsing,

Iren Dyrseth

Controller, Controller

Stord kommune

Mobil: +47 997 17 063
Direkte: +47 53 49 66 24
www.stord.kommune.no

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Ver venleg å ta omsyn til miljøet – skriv berre ut det som er naudsynt.

Fra: Gisle Østrem <Gisle.Ostrem@stord.kommune.no>
Sendt: onsdag 30. september 2020 10:10
Til: Iren Dyrseth <Iren.Dyrseth@stord.kommune.no>
Emne: SV: forvaltningsrevisjon - IKT

Vedlagt rapport frå revisjonen. Som du ser er det fleire tema. Ein IT-revisjon i dag vil som sagt vera i lys av GDPR, og dei fire nivåa. Legg ved skriv frå Bergen kommune også.

Med venleg helsing,

Gisle Østrem
Einingsleiar, IKT

Stord kommune
Mobil: +47 975 52 005
Direkte: +47 53 49 67 93
Telefon: +47 53 49 66 65
www.stord.kommune.no

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Ver venleg å ta omsyn til miljøet – skriv berre ut det som er naudsynt.

Fra: Iren Dyrseth <Iren.Dyrseth@stord.kommune.no>
Sendt: onsdag 30. september 2020 09:46
Til: Gisle Østrem <Gisle.Ostrem@stord.kommune.no>
Emne: forvaltningsrevisjon - IKT

Hei!

No har eg hatt meg ein prat meg Hogne Haktorsen, sekretær for kontrollutvalet. Eg oppsummerte kva som var bakgrunnen for at eg ringte. Han stadfesta at dei hadde rammeavtale med KPMG inntil vidare.

Eg spurte om det var mogleg at kontrollutvalet, ved forvaltningsrevisjon av beredskap, kunne via IKT større plass. Eg peika på at det er 13 år sidan førre revisjon på IKT og at du ser at det kan vera behov for ein ny revisjon.

Haktorsen sa at det skulle vera eit møte kontrollutvalet 15 oktober og om han kunne få ei stikkordsliste på kva me ynskjer revidert, så kan han ta det opp i møtet.

Eg sa at me kunne gjera det. Eg satsa litt på at du hadde eit temaoversyn frå førre revisjon som me kunne byggja på. T.d. rapport frå revisjonen. Har du det?

Med venleg helsing,

Iren Dyrseth
Controller, Controller

Stord kommune

Mobil: +47 997 17 063
Direkte: +47 53 49 66 24
www.stord.kommune.no

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Ver venleg å ta omsyn til miljøet – skriv berre ut det som er naudsynt.

INVITASJON

IT SIKKERHETSREVISJON 2020



Digi Vestland

samordna regional digitalisering

01000100 01101001 01100111 01101001
00100000 01010110 01100101 01100011
01110100 01101100 01100001 01101110
01100100

Styringsgruppen for Digi Vestland har oppfordret Bergen kommune (EDD) til å invitere kommunene i Vestland til å ta del i Bergen kommunes anskaffelse av IT sikkerhetsrevisjon for 2020. Frist for melde sin interesse for å delta er fredag 25. september 2020.

HVORFOR GJENNOMFØRE EN IT SIKKERHETSREVISJON?

En IT sikkerhetsrevisjon gjennomføres av en ekstern sikkerhetsrevisor. Den overordnede hensikten med revisjonen er å vurdere hvorvidt prosedyrer, rutiner og øvrige prosesser etterleves, samt om etablerte tekniske og organisatoriske tiltak er tilstrekkelige og oppfyller regulatoriske og egne krav for informasjonssikkerhet og personvern.

Ved å gjennomføre en IT sikkerhetsrevisjon får man en oversikt over situasjon i egen kommune. Bergen kommunes erfaring er at det avdekkes sårbarheter ved en slik revisjon, selv om dette gjennomføres årlig.

Tiltaket har vært diskutert i Digi Vestlands styringsgruppe. Alle kommuner i Vestland oppfordres til å delta i utlysningen. Du kan lese referat fra styringsgruppemøtet [her](#).

HVORDAN GJENNOMFØRES SIKKERHETSREVISJONEN?

Det blir gjennomført en del tester og kontroller mot IT driftsmiljøet samt intervju av teknikere, understøttet av anerkjente standarder for informasjonssikkerhet. Resultatet oppsummeres i en rapport som gir et sammendrag av status for informasjonssikkerhetsarbeidet slik det fremsto da revisjonen ble gjennomført. Rapporten utarbeides i samsvar med gjeldende standarder, og rapporten gir et objektivt bilde av de mest sentrale risiko- og usikkerhetsfaktorer kommunen står overfor innenfor IT-driftsområdet.

Funnene som avdekkes gjennom revisjonen følges opp i ettertid av IT driftsmiljøet for å etablere tiltak som lukker sårbarheter.

MELD INTERESSE

Kommuner som ønsker å delta, eller har spørsmål knyttet til invitasjonen, melder til Jan Tenold ved EDD (jan.tenold@bergen.kommune.no) innen fredag 25. september 2020.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/160-5
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	35/20	15.10.2020

Reglement for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tilrår at utkast til reglement for kontrollutvalet vert innarbeidd i det politiske reglementet til Stord kommune.

Samandrag

Kommunestyret vedtok 14.05.20 politisk reglement for Stord kommune, men gav fullmakt om at reglement kunne tilpassast etter gjeldande lov og at rådmannen kunne innarbeida dette i det politiske reglementet etterpå. I saka ligg det føre utkast til reglement for kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Reglement for kontrollutvalet - der endringane er markert
- 2 Reglement for kontrollutvalet - etter redigering

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret handsama 14.05.20, sak PS 27/20, Revidering av politisk reglement og retningsliner. Det vart fatta slik vedtak:

«Kommunestyret vedtek Politisk reglement og retningsliner med følgjande endringar:

Til pkt. 13. Taletid og ordskifteslutt

Det er høve til replikkordskifte med anledning for svarreplikk.

Til formannskapet og utval pkt. 6 b. 3

Eldrerådet, Rådet for funksjonshemma og eldrerådet.

Reglementet for kontrollutvalet vert sendt kontrollutvalet for å få dette tilpassa etter gjeldane lov. Rådmannen får fullmakt til å innarbeide dette i det politiske reglementet etterpå.»

Sekretariatet hadde før handsaminga oppdaga at det var nokre formuleringar som ikkje stemte overeins med den nye kommunelova, og opplyste om dette. Siste avsnittet overfor vart føreslått av fungerande ordførar. Utvalet får no utkast til reglement for kontrollutvalet til vurdering.

Vedtakskompetanse

Formelt sett er det kommunestyret som har vedtakskompetanse for reglementet, men kommunestyret har vedteke at det denne gongen kan gjerast slik:

- Kontrollutvalet tilpassar reglementet til gjeldande lov.
- Rådmannen innarbeidar dette i det politiske reglementet etterpå.

Vurderingar og verknader

For det første er det bra at Stord kommune over tid har hatt eit eige reglement for kontrollutvalet. Ikkje alle kommunar har hatt det, men etter ny kommunelov av 2018 må alle kommunar få det på plass.

For det andre er det og bra at kommunen har teke initiativ til å revidera reglementet, til liks med andre reglement, td. basert på ny kommunelov og ny valperiode.

I saka er det teke utgangspunkt i utkast til reglement for kontrollutvalet som følgte sak PS 27/20, Revidering av politisk reglement og retningsliner til kommunestyret sitt møte 14.05.20. Her var det gjort fleire gode tilpassingar til ny kommunelov, men det mangla noko. Fargekodar i vedlagt forslag til reglement er slik:

- **Lyseblå tekst** - tekst som utgår
- **Raud tekst** - tekst som er ny

Merknad til endringane:

1

Reglementet § 2 om val, 1. avsnitt

Setningen «Utvallsleiaren kjem normalt frå opposisjonen» er føreslått å utgå. Det er greitt, men då kunne gjerne kommunelova sin nye formulering (§ 23-1, 1. lekk) ha kome inn som erstatning: «Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren.»

2

Reglementet § 2 om val, 2. avsnitt fortel kven som er utelukka frå val. Det står ikkje at opplistinga ikkje er uttømande. Opplistinga er ikkje komplett ift. kommunelova § 23-1, 3. lekk, og ei formulering er upresis.

Upresis: I reglementet står det td. i opplisting om kven som ikkje er valbare: «medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjersmynde». Avgrensinga ift. avgjersmynde er ikkje

med i den nye kommunelova. Formuleringa no er «medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité».

Manglar: Dei som er utelukka på bakgrunn av kommunelova § 23-1, 3. lekk, punkta g og h er ikkje medtekne. Det gjeld

g) «personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i»

h) «personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefelleskap.»

Innspel: Anten bør formuleringen om «avgjersmynde» rettast, at det kjem fram at opplistinga ikkje er uttømande, og det er med henvising til komplett liste i kommunelova § 23-1, 3. lekk. Alternativt bør punktet endrast til å omtala alle aktuelle forhold.

3

Reglementet generelt har med formuleringar om kontroll og tilsyn. Ny kommunelov legg opp til at kontrollutvalet driv kontrollarbeid, medan fylkesmannen og andre tilsynsorgan driv tilsyn. Teksten er gjennomgått ift. dette ved at tilsyn i det alt vesentlege er erstatta med kontroll eller kontrollarbeid. I § 3 av reglementet, 2. avsnitt, står framleis «kontroll og tilsyn». Det kjem seg av at kontrollutvalet ofte er innom tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre tilsynsinstansar. Det kan td. skje som referatsak eller at utvalet ber rådmann og/eller fagansvarleg fortelja korleis dei aktar å få lukka avvik.

4

Reglementet § 3.3 fortel når fagsjef for rekneskap skal leggja fram ein ferdig avstemt og avslutta årsrekneskap. I ny kommunelov er fristen utsett frå 15. februar til 22. februar.

5

Reglementet § 3.5 om selskapskontroll stemmer bra ift. kommunelova av 1992 men ikkje ift. kommunelova av 2018. Omgrepet selskapskontroll er teke ut av kommunelova. Den delen som gjeld forvaltningsrevisjon i selskap skal vurderast i framtidig planverk for forvaltningsrevisjon i kommunen. Den delen som gjeld eigarskapsforvaltning skal inn i planverk for eigarskapskontroll. To planar etter denne nye standarden for perioden 2020 - 2024 var oppe til handsaming i kommunestyret 24.09.2020. Noverande punkt i reglementet om selskapskontroll bør skrivast om. Det er gjort i utkastet.

6

Reglementet § 5.4 om møteprotokoll er tilpassa gjeldande praksis med elektronisk sak / arkivsystem.

7

Kontrollutvalet fatta slik vedtak 08.09.20 under sak PS 29/20 Eventuelt:

«Vedr. 1 - FKT ber om innspel til høyring om gjeninnføring av mellombels lovgivning om fjernmøte. Kontrollutvalet i Stord kommune meiner at kontrollutvalsmøta i all hovudsak bør gjennomførast som fysiske møter, men at det og bør vera unnatak for å kunna ha fjernmøte i gitte situasjonar.»

Dette prinsippet er teke med i utkast til reglement, § 5.

8

Reglementet § 6.3 lyder slik: «Møte og talerett i kommunestyret: Leiaren i utvalet er kommunestyremedlemmer, og har dermed møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert handsama. Er han/ho hindra frå å møta, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.»

Kommunelova § 23-2, 2. ledd har slik ordlyd: «Kontrollutvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret eller fylkestinget når utvalgets saker skal behandles. Utvalgets leder kan la ett av de andre medlemmene i utvalget utøve denne retten på sine vegne.»

I utkast til kommunalt reglement hadde utvalet fått ei fullmakt som lovgjevar har lagt til utvalsleiar. Det ville i så fall ha innskrenka utvalsleiar sin lovmessige rett.

Konklusjon

Det vert tilrådd at vedlagt utkast til reglement for kontrollutvalet, der lyseblå tekst utgår medan raud tekst vert lagt til, vert oversendt rådmannen for innarbeiding i det politiske reglementet.

For ordens skuld er to utkast til reglement lagt ved saka:

- Eit utkast der alle forslag til endringar er markert.
- Eit utkast der reglementet er ferdig redigert.

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET

§ 1 INNLEIING

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval som skal føra løpande kontroll på deira vegne jf. [kommunelova § 22-1, 1. ledd](#).

Kontrollutvalet arbeider på vegne av kommunestyret, og er berre ansvarleg overfor kommunestyret, jf. [kommunelova § 23-5](#). Kontrollutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal driva **partipolitisk** verksemd, og heller ikkje skal overprøva politiske prioriteringar gjort av andre folkevalde organ.

§ 2 VAL

Kommunestyret vel medlemar og varamedlemer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar. Utvalet skal ha 5 medlemmar. Kommunestyret vel og leiar og nestleiar. Leiar av kontrollutvalet skal vera medlem av kommunestyret. **Leiaren kan ikkje vera medlem av same parti eller tilhøyra same gruppe som ordføraren. (Kommunelova § 23-1)**. Minst eitt medlem skal veljast av kommunestyret sine medlemmer, jf. [kommunelova § 23-1](#). Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, **medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité**, medlem av kommunalråd og tilsette i kommunen. Dessutan:

- **personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i.**
- **personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.**

Kommunestyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmar av utvalet skal alle medlemane veljast på nytt.

§ 3 FØREMÅL/OPPGÅVER

Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Vidare skal kontrollutvalet sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan verta innkalla til kontrollutvalet for å orientera om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen orienterast om dette på førehand. Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan òg invitera eksterne personar for å opplysa eller orientera om ei sak.

Ansvaret for å gjennomføra vedtak ligg hos rådmannen, jf. [kommunelova § 13-1, 4. ledd](#). Utvalet skal føra **tilsyn kontroll** med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

3.1 Intern kontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at forvaltninga av kommunen sine verdiar er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internt kontrollopplegg, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

3.2 Teieplikt

For medlemmane, varamedlemmane og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova.

3.3 Årsrekneskap/årsmelding

Kontrollutvalet skal sjå til at økonomien vert forvalta i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, og systematisk vurdere bruk og forvaltning av dei kommunale midlane med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat, og sikra størst mogleg rettstryggleik for innbyggjarane i kommunen.

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Som ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning kan ein t.d. sjå til at revisjonen føregår i samsvar med avgjerder som følgjer lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og instruksane til kontrollutvalet eller avtalar med revisor.

Fagsjef for rekneskap skal leggja fram ein ferdig avstemt og avslutta årsrekneskap innan 15. 22. februar. Seinast 31. mars skal rådmannen leggja fram si årsmelding. Årsmeldinga skal liggja ved rekneskapsaka når denne vert oversend til kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjev fråsegn til kommunestyret om rekneskapen, med kopi til formannskapet. Kopien må vera formannskapet i hende tidnok til at det kan ta omsyn til han før det gjev innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. Frist for revisor til å gje revisjonsmelding er 15. april.

Årsrekneskap og årsmelding skal vedtakast av kommunestyret seinast seks månader etter at rekneskapsåret er slutt, dvs. 30. juni. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn sin kontroll med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i om rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

3.4 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen eller selskap der kommunen har eigardeler. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein risiko- og vesentlegvurdering av overordna analyse av kommunen si verksemd og verksemda i selskap der kommunen har eigarskap. basert på risiko- og vesentlighetsvurderingar vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å gjera endringar i planen.

3.5 Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Selskapskontrollen er delt i to delar:

Eigarskapskontroll som omfattar kontroll med forvaltninga av eigarinteressene i selskap, òg å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser i selskap, gjer dette i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader. Denne kontrollen omfattar alle eigarandelar uansett storleik.

Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast i alle selskap kommunen eig åleine eller saman med andre kommunar / fylkeskommunar. Etter [kommunelova § 24-10](#), kan ein i slike selskap gjera systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunen sine vedtak og føresetnader. I slike selskap har kontrollutvalet i kommunen rett til å krevja dei opplysningar dei finn påkravd for kontrollen sin. Dette gjeld både frå dagleg leiar i selskapet og frå styret og den valde

revisoren for selskapet. Resultatet av eigarskapskontrollen i slike selskap vil vera avgjerande for om det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskapet. Kommunestyret kan fastsetja reglar for kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.

Kontrollutvalet og revisor skal varslast og har rett til å vera til stades på generalforsamlinga/-ne i selskapet/-a, likeeins på møta i representantskap og tilsvarande organ. Jf. [kommunelova § 24-10](#).

3.5 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskapar. Føremålet er å finna ut kvar det er størst trong for eigarskapskontroll.

Planen skal vedtakast av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å gjera endringar i planen.

Kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vera til stade i desse møta. (Kommunelova § 23.6)

§ 4 GENERELL INSTRUKS

Kontrollutvalet skal følgja lov og føresegner og - så langt det høver - dei reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsette i Stord kommune.

§ 5 MØTE OG SAKSHANDSAMING

Møta i kontrollutvalet skal haldast for opne dører. Lukka møte skal kun gjennomførast i saker der utvalet handsamar opplysningar om teieplikt.

Møta skal i all hovudsak haldast som fysiske møte, men kan unntaksvis, dersom det er god grunn for det, haldast som fjernmøte, jf. [kommunelova § 11.7](#).

5.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste

Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemene og varamedlemene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet. Revisor kan forlanga utsegnene sine på møta protokollerte. Rådmannen får normalt innkalling med sakliste til orientering, og møter når han vert kalla inn til møta.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal takast unna ålmenta etter lov og forskrifter, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka "ikkje rett til offentlig innsyn" vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

5.2 Møtestruktur

Utvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval. Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemene er til stades under møtet. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande. Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemene set seg imot dette. Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet.

5.3 Gild / ugild

[Kommunelova § 11-10](#), gjeld og kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er ugild, skal ikkje medlemen vera med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera ugild, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

5.4 Melding frå utvalet

Det skal førast møteprotokoll frå møta.

Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemane, varamedlemane, revisor, ordførar og rådmann, og dessutan til kommunestyret til orientering. Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, må oversendast ordførar som eigne saker.

Møteprotokollen skal vera datert og underteikna av både sekretæren og leiaren.

Møteprotokollen vert sendt frå sekretær til utvalsleiar for gjennomgang, slik at begge står bak det som er ført. Protokoll og korrespondanse om innhaldet vert registrert i elektronisk sak/arkivsystem.

Den skal godkjennast i neste møte og bør vera sendt ut på førehand. Særutskrifter Partsbrev frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen når det vert gjort vedtak som krev handling frå han.

5.5 Oppfølging

Når Kontrollutvalet har handsama ferdig saker og gjort vedtak, er det viktig å syta for at dei pålegga og råda som kontrollutvalet set fram, vert følgde opp av administrasjonen.

5.6 Fråsegner

Kontrollutvalet kan gje fråsegn i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn.

5.7 Undersøking.

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syta for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt. Det ligg føre plikt for rådmannen å rapportera eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportera dette vidare til kontrollutvalet.

5.8 Rapportering

Kontrollutvalet skal rapportera til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette kan skje ved at uttale til årsrekneskapen vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om selskapskontroll eigarskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar. Rapportering kan også skje gjennom årsmeldinga frå kontrollutvalet.

§ 6 ANDRE REGLAR

6.1 Sekretariat

Kommunestyret skal sørja for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utførar sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte og berre underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

6.2 Budsjett

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll og tilsynsarbeidet kontrollarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal lage forslag til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

6.3 Møte og talerett i kommunestyret

Leiaren i utvalet er kommunestyremedlemmer, og har dermed møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert handsama. Er han/ho hindra frå å møta, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.

Leiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker skal handsamast. Utvalet sin leiar kan la ein av de andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegne. (Kommunelova § 23-2)

6.4 Informasjon

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til førehaving.

6.5 Val av revisjonsordning

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

6.6 Val av revisor

Kommunestyret tek avgjerd om val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET

§ 1 INNLEIING

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval som skal føra løpande kontroll på deira vegne jf. [kommunelova § 22-1, 1. ledd](#).

Kontrollutvalet arbeider på vegne av kommunestyret, og er berre ansvarleg overfor kommunestyret, jf. [kommunelova § 23-5](#). Kontrollutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal driva partipolitisk verksemd, og heller ikkje skal overprøva politiske prioriteringar gjort av andre folkevalde organ.

§ 2 VAL

Kommunestyret vel medlemar og varamedlemer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar. Utvalet skal ha 5 medlemar. Kommunestyret vel og leiar og nestleiar. Leiar av kontrollutvalet skal vera medlem av kommunestyret. Leiaren kan ikkje vera medlem av same parti eller tilhøyra same gruppe som ordføraren. (Kommunelova § 23-1). Minst eitt medlem skal velgjast av kommunestyret sine medlemmer, jf. [kommunelova § 23-1](#). Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité, medlem av kommunalråd og tilsette i kommunen. Dessutan:

- personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i.
- personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Kommunestyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemar av utvalet skal alle medlemane veljast på nytt.

§ 3 FØREMÅL/OPPGÅVER

Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Vidare skal kontrollutvalet sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan verta innkalla til kontrollutvalet for å orientera om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen orienterast om dette på førehand. Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan òg invitera eksterne personar for å opplysa eller orientera om ei sak.

Ansvaret for å gjennomføra vedtak ligg hos rådmannen, jf. [kommunelova § 13-1, 4. ledd](#). Utvalet skal føra kontroll med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

3.1 Intern kontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at forvaltninga av kommunen sine verdiar er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internt kontrollopplegg, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

3.2 Teieplikt

For medlemmane, varamedlemmane og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova.

3.3 Årsrekneskap/årsmelding

Kontrollutvalet skal sjå til at økonomien vert forvalta i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, og systematisk vurdere bruk og forvaltning av dei kommunale midlane med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat, og sikra størst mogleg rettstryggleik for innbyggjarane i kommunen.

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Som ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning kan ein t.d. sjå til at revisjonen føregår i samsvar med avgjerder som følgjer lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og instruksane til kontrollutvalet eller avtalar med revisor.

Fagsjef for rekneskap skal leggja fram ein ferdig avstemt og avslutta årsrekneskap innan 22. februar. Seinast 31. mars skal rådmannen leggja fram si årsmelding. Årsmeldinga skal liggja ved rekneskapsaka når denne vert oversend til kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjev fråsegn til kommunestyret om rekneskapen, med kopi til formannskapet. Kopien må vera formannskapet i hende tidnok til at det kan ta omsyn til han før det gjev innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. Frist for revisor til å gje revisjonsmelding er 15. april.

Årsrekneskap og årsmelding skal vedtakast av kommunestyret seinast seks månader etter at rekneskapsåret er slutt, dvs. 30. juni. Kontrollutvalet skal, gjennom sin kontroll med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i om rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

3.4 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen eller selskap der kommunen har eigardeler. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein risiko- og vesentlegvurdering av av kommunen si verksemd og verksemda i selskap der kommunen har eigarskap. Planen skal godkjennast av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å gjera endringar i planen.

3.5 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskapar. Føremålet er å finna ut kvar det er størst trong for eigarskapskontroll.

Planen skal vedtakast av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å gjera endringar i planen.

Kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vera til stade i desse møta. (Kommunelova § 23.6)

§ 4 GENERELL INSTRUKS

Kontrollutvalet skal følgja lov og føresegner og - så langt det høver - dei reglar og retningsliner for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsette i Stord kommune.

§ 5 MØTE OG SAKSHANDSAMING

Møta i kontrollutvalet skal haldast for opne dører. Lukka møte skal kun gjennomførast i saker der utvalet handsamar opplysningar om teieplikt.

Møta skal i all hovudsak haldast som fysiske møte, men kan unntaksvis, dersom det er god grunn for det, haldast som fjernmøte, jf. kommunelova § 11.7.

5.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste

Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemene og varamedlemene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet. Revisor kan forlanga utsegnene sine på møta protokollerte. Rådmannen får normalt innkalling med sakliste til orientering, og møter når han vert kalla inn til møta.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal takast unna ålmenta etter lov og forskrifter, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka "ikkje rett til offentlig innsyn" vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

5.2 Møtestruktur

Utvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval. Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemene er til stades under møtet. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande. Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemene set seg imot dette. Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet.

5.3 Gild / ugild

[Kommunelova § 11-10](#), gjeld og kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er ugild, skal ikkje medlemen vera med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera ugild, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

5.4 Melding frå utvalet

Det skal førast møteprotokoll frå møta.

Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemene, varamedlemene, revisor, ordførar og rådmann, og dessutan til kommunestyret til orientering. Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, må oversendast ordførar som egne saker.

Møteprotokollen vert sendt frå sekretær til utvalsleiar for gjennomgang, slik at begge står bak det som er ført. Protokoll og korrespondanse om innhaldet vert registrert i elektronisk sak/arkivsystem.

Den skal godkjennast i neste møte og bør vera sendt ut på førehand. Partsbrev frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen når det vert gjort vedtak som krev handling frå han.

5.5 Oppfølging

Når Kontrollutvalet har handsama ferdig saker og gjort vedtak, er det viktig å syta for at dei pålegga og råda som kontrollutvalet set fram, vert følgde opp av administrasjonen.

5.6 Fråsegner

Kontrollutvalet kan gje fråsegn i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn.

5.7 Undersøking.

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syta for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Det ligg føre plikt for rådmannen å rapportera eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportera dette vidare til kontrollutvalet.

5.8 Rapportering

Kontrollutvalet skal rapportera til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette kan skje ved at uttale til årsrekneskapen vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om eigarskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar. Rapportering kan også skje gjennom årsmeldinga frå kontrollutvalet.

§ 6 ANDRE REGLAR

6.1 Sekretariat

Kommunestyret skal sørja for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng.

Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utførar sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte og berre underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

6.2 Budsjett

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontrollarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal lage forslag til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

6.3 Møte og talerett i kommunestyret

Leiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker skal handsamast.

Utvalet sin leiar kan la ein av de andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegne.

(Kommunelova § 23-2)

6.4 Informasjon

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til førehaving.

6.5 Val av revisjonsordning

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

6.6 Val av revisor

Kommunestyret tek avgjerd om val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/130-9
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	36/20	15.10.2020

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 63/19 av 11.12.19., om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Rigmor Svanberg
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Stian Djuvsland
Utval for oppvekst og kultur	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen
Utval for plan og utvikling	Tore Jubskås

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2020
Kommunestyret	24.09
Formannskapet	24.09 (14.10)
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Ingen nye
Utval for oppvekst og kultur	(29.09)
Utval for plan og utvikling	01.10

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre ved innkalling til kontrollutvalsmøtet.)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/89-4
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	37/20	15.10.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalget 11.03.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Referatsaker

**RS 15/20 KST 24.09.20 - PS 53_20 Plan for forvaltningsrevisjon
2020_2024**

Sekretariat for kontrollutvalet

Vår dato: 28.09.2020
Vår ref: 2020/3607 - 25656/2020 / 144
Dykkar ref:

Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.09.2020

Vedtak

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon gjeldande perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Handsaming

Samrøystes vedteke

Med helsing

Marit Annie Åkra
møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

sekretariat for kontrollutvalet

Vår dato: 28.09.2020
Vår ref: 2020/236 - 25663/2020 / 217
Dykkar ref:

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.09.2020

Vedtak

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll gjeldande perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

Handsaming

Samrøystes vedteke

Med helsing

Marit Annie Åkra
møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Sekretariatet for kontrollutval

Vår dato: 28.09.2020
Vår ref: 2020/3569 - 25666/2020 / 027
Dykkar ref:

Ekstern revisor ny konkurranse - Fullmakt til kontrollutvalet

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.09.2020

Vedtak

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Stord kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.

Handsaming

Samrøystes vedteke

* * *

Ordførar kom med framlegg til siste avsnitt slik det ligg føre.

Med helsing

Marit Annie Åkra
møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Fra: Hogne Haktorson (Hogne.Haktorson@vlfk.no)

Sendt: 23.09.2020 15:21:41

Til: 'Marit Annie Åkra'

Kopi: 'Fredrik Litleskare'; 'Fredrik Litleskare'; 'Fredrik.Litleskare@applyleirvik.no'

Emne: SV: Informasjon om utvalet si rolle i kommunestyret - 17.12.20

Vedlegg:

Hei!

Takk for hyggeleg melding!

Eg har konferert med kontrollutvalsleiaren og kan melda tilbake om at me tar mot invitasjonen.

Utvalsleiar ønskjer at han har ei orientering om kontrollutvalet, og at underteikna orienterar om utvalet sin administrasjon.

Rolle og ansvar er notert. Fleire detaljar kan me koma attende til når det nærmar seg.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet



tlf: 91 10 59 82

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Marit Annie Åkra <Marit.Annie.Akra@stord.kommune.no>

Sendt: mandag 21. september 2020 11:37

Til: Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@vlfk.no>

Emne: Informasjon om utvalet si rolle i kommunestyret - 17.12.20

Hei,

Kontrollutvalet har tidlegare bedt om å få orientera i kommunestyret om kontrollutvalet si rolle og ansvar. Dette har vore vanskeleg å få til i desse koronatider.

Ordførar seier at det vert høve til å ta denne orienteringa i starten av kommunestyret sitt møte 17.12.

Med venleg helsing,

Marit Annie Åkra
Konsulent, Fellestenester

Stord kommune
Direkte: +47 53 49 66 53
www.stord.kommune.no

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Ver venleg å ta omsyn til miljøet – skriv berre ut det som er naudsynt.

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)

Sendt: 26.08.2020 10:27:38

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: Svar fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal på spørsmål om revisor kan delta digitalt på kontrollutvalgets møter uten at møtet dermed må defineres som et fjernmøte

Vedlegg:

Til sekretariatsmedlemmer v/daglig leder

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal stilte spørsmål til Fylkesmannen i Møre og Romsdal om et møte i kontrollutvalget må defineres som fjernmøte dersom revisor deltar via digitale verktøy?

Fylkesmannen i Møre og Romsdal svarer:

“Hovedregelen er at folkevalgte organ treffer sine vedtak/avgjørelser i møter. Med møte menes fysisk nærvær av de deltakende medlemmer jf. § 11-2. I kompl. § 11-7 er det gjort unntak fra dette prinsippet. Det fremgår av kompl. § 11-7 at kommunestyret kan beslutte at folkevalgte organ skal ha adgang til å holde møter som fjernmøte. Det er videre vist til at et fjernmøte innebærer at deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de kan se, høre og kommunisere med hverandre. Dersom det folkevalgte organ som sådan avholder et ordinært møte, men revisor deltar via digitale løsninger, er det vår tolkning at møtet ikke er å betrakte som et fjernmøte. Bakgrunnen for dette er at når bestemmelsen referer til deltakerne er det i hovedsak en henvisning til utvalgsmedlemmene i det folkevalgte organet. Der revisor er pålagt å delta i møter, er revisor likevel ikke å betrakte som en deltaker av det aktuelle utvalget. Revisors møteplikt er hjemlet i egne bestemmelser.”

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post:fkt@fkt.no | Tlf.:41471166

www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)

Sendt: 14.09.2020 15:04:00

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: FKT - medlemsinformasjon september 2020

Vedlegg:

Til FKTs medlemmer

Nytt fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet

- Adgang til å ha alle lukkede møter som fjernmøter, inkludert møter som skal lukkes på grunnlag av taushetsplikt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har mottatt skriftlige og muntlige henvendelser om eventuell forlengelse av den midlertidige fjernmøteforskriften, som opphørte 1. august 2020. Flere av henvendelsene gjelder særlig adgangen til å ha alle lukkede møter som fjernmøter, inkludert møter som skal lukkes på grunnlag av taushetsplikt. I «Lov om midlertidige unntak fra kommuneloven og lov om interkommunale selskaper», foreslår departementet at folkevalgte organer kan holde fjernmøter også i de tilfellene møtene skal lukkes. Departementet foreslår også at organer i interkommunale selskap skal kunne holde fjernmøter og benytte elektronisk signatur på møteprotokollene. FKT har avgitt høringsuttalelse. [Du kan lese høringsuttalensene her](#)

Det kan være verdt å lese høringsuttalelsen fra kontrollutvalget i Bergen. Den inneholder blant annet en beskrivelse av gode tiltak og rutiner for lukking av fjernmøter.

- Rettslig avklaring av kombinasjon av fysiske møter og fjernmøte for enkelte representanter
Asker kommune har bedt om en rettslig avklaring av kombinasjonen av fysiske møter og fjernmøte for enkelte representanter. Når enkelte representanter kan delta digitalt, mens resten av organets medlemmer sitter fysisk samlet i et møtelokale, er det *ikke* et alminnelig (fysisk) møte i kommunelovens forstand, men et fjernmøte etter lovens § 11-7. [Her kan du lese hele svaret fra departementet.](#)
- Rettslig avklaring av kombinasjon av fysiske møter og fjernmøte for revisor og sekretær
Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal stilte spørsmål til Fylkesmannen i Møre og Romsdal om et møte må defineres som fjernmøte dersom revisor deltar via digitale verktøy. [Svaret fra fylkesmannen](#) er at det da ikke er å betrakte som et fjernmøte. FKT og NKRF har i fellesskap sendt en henvendelse til departementet om hvordan dette stiller seg hvis kontrollutvalget møter samlet i et fysisk møte, men sekretariatet deltar digitalt. Hvilken status etter kommuneloven vil et slikt møte få – fysisk møte eller fjernmøte? Vi har ikke mottatt svar ennå.

Tidligere lovtolkninger fra departementet finner du på medlemssidene [«Spørsmål og svar»](#) (krever pålogging), eller på departementets side: [Tolkningsuttalelser om kommuneloven 2018](#)

Kurs og konferanser

[Kontrollutvalgslederskolen 27.-28. oktober 2020, Gardermoen](#)

KU-lederskolen er fullbooket og flere står på venteliste. Styret gjør løpende vurderinger av smittesituasjonen. Det er ennå 5 uker til, og ting kan endre seg både til det bedre og til det verre. Alle som har meldt seg på vil få nærmere informasjon om arrangementet og smitteverntiltak. Du kan lese mer om [hotellets smitteverntiltak](#) her.

Noter dere dato og sted for samlinger og konferanser våren 2021:

- [Sekretariatskonferansen 16.-17. mars 2021, Lillestrøm](#)
- [Fagkonferansen 1.-2. juni 2021, Ålesund](#)

Veiledere

- [Håndbok for Internkontroll i sekretariatene](#)

Vi takker for innsendte høringsvar fra sekretariatene. Arbeidsgruppen vil legge fram et nytt utkast til styremøtet 27. oktober. Da vil styret også ta stilling til tilbakemeldingene om behovet for en mal for risikovurderinger.

- Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet

Arbeidsgruppen som arbeider med denne veilederen har mandat til å utarbeide en mal for innhold og format på kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen.

Vi tar sikte på at malen tas i bruk for uttalelsen til regnskapsåret 2020, dvs. våren 2021. Det betyr at arbeidsgruppen tar sikte på være ferdig med malen/veilederen innen utgangen av 2020. Veilederen vil bli presentert i et webinar i fm. høringsrunden senere i høst. Det kommer nærmere informasjon om det.

Annet faglig påfyll

[Etikkonferansen avholdes i år digitalt den 22. september kl. 10.00 - 13.00](#) i regi av Kommunal og Moderniseringsdepartementet og TI-Norge

[Dilemmasamling for kommuner og fylkeskommuner \(KS, TI-Norge\)](#) 24 eksempler for refleksjon om etikk og antikorrupsjon i kommuner og fylkeskommuner

Styret

Styret hadde møte i Oslo 24. august. Tre av styremedlemmene deltok digitalt. Styret tok opp det forrige styrets styreevaluering og hadde en god diskusjon på forventningsavklaringer. Strategiplanen var hovedsaken på møtet. Protokollen fra møtet er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Styret har sitt neste styremøte på Gardermoen 27 oktober. Da fortsetter styret med strategiarbeidet.

Nye medlemmer

Vi har fått to nye medlemmer i august og september: Velkommen til Hammerfest og Nordre Follo. Vi satser på å fortsette rekrutteringen utover høsten.

Bruk hjemmesiden vår! www.fkt.no Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#) De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmemberer. Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

FKT ønsker alle en koranfri høst!



Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post:fkt@fkt.no | Tlf.:41471166

www.fkt.no | [@FKT_no](https://twitter.com/@FKT_no) www.facebook.com/FKT.no/

Politiske saker

PS 38/20 Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2014/302-51
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	38/20	15.10.2020

Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Samandrag

Det er kommunestyret sjølv som vel revisor for kommunen. Vedtaket vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet, som gjennomfører prosessen fram til val av revisor.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord kommune nyttar konkurranseutsetting av revisjonstenestene. Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for kommunen gjeld til og med revisjon av rekneskapen for 2020, det vil seie til og med 30.6.2021. Frå 1.7.2021 må revisor for ny avtaleperiode vere på plass.

Kommunestyret vedtok 24.09.2020 i sak PS 55/20, i tråd med kontrollutvalet si innstilling, å gje kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre prosessen for å få gjennomført konkurranse om val av revisor. Det vart gjort slikt vedtak:

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument*
- *Knytte til seg naudsynt hjelp.*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Det er dette punktet som vert følgt opp i denne saka.

Kommunestyret la i same sak til eit nytt vedtaks punkt:

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Stord kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.

Dette ekstrapunktet vil bli følgt opp i eige saksframlegg til kontrollutvalet sitt møte 03.12.20. Der skal utvalet gje innstilling til kommunestyret sitt møte 17.12.20

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

I tråd med vedtaket over blir forslag til konkurransegrunnlag lagd fram for kontrollutvalet. Sekretariatet har saman med jurist utlånt frå innkjøpsseksjonen i Vestland fylkeskommune utarbeidd forslag til konkurransegrunnlag. Kontrollutvalet må gjennomgå og ta stilling til dei aktuelle dokumenta som viser forslag til område som konkurransegrunnlaget skal omfatte, og som vert lyst ut i DOFFIN.

Konkurransegrunnlaget er unnateke offentleg etter offentleglova § 23, 3. avsnitt. Dokumenta vil bli delt ut på raudt papir og gjennomgått i møtet. Det vert tilrådd at møtet vert lukka under behandlinga av denne saka med heimel i kommunelova § 31.3, jf. offl. § 14. Det må reknast god tid for kontrollutvalet til gjennomgang og drøfting av innhaldet.

Sekretariatet skal i same periode gjennomføre konkurranse av revisjonstenestene for kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Vaksdal, som vi også er sekretariat for. Det er ei føremon, både reint praktisk og ikkje minst økonomisk, at gjennomføring av konkurransen av revisjonstenestene for dei nemnde kommunane vert gjennomført i lag med konkurransen av revisjonstenestene for Stord kommune.

Ut frå røynsle frå tilsvarande arbeid tidlegare, der to eller fleire kommunar har vore med i felles konkurranse, har det gått med anslagsvis 40 - 50 timar til dette arbeidet pr. kommune. Dersom Stord kommune skulle gjennomføre denne konkurransen åleine, ville det gå med betrakteleg meir tid, med eit estimat på 80 og 100 timar.

Kontrollutvalet bør gje sekretariatet fullmakt til å gjere naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget, slik at det kan tilpassast alle kommunane før det vert lagt på DOFFIN, utan at utvalet må godkjenne grunnlaget på nytt.

Konklusjon

Kontrollutvalet føretar gjennomgang av anbodsdokumenta i møtet, vedtek innhaldet i konkurransegrunnlaget og gjev sekretariatet fullmakt til å gjere naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i anbodsdokumenta før dei vert lagt ut på DOFFIN.